



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Edvin Løfoll

Arkivsak nr.: 2017/2322

Arkivkode: Q03

Utvalsaksnr **Utval**
Forvaltningsutvalet

Møtedato
05.12.2017

FRAMLEGG TIL VEDTAK OM BRØYTING AV VEGEN I ALDALEN

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune stenger vegen til Aldalen ved starten for normale vintertilhøve og opnar vegen til påske året etter. Opninga vert anten til bom i Aldalen eller heile vegen over, dersom værtilhøva tilseier det og Ørsta kommune gjer same vedtak. Dersom grunneigarar ønskjer at vegen skal brøytast, må kostnader til dette dekkjast av grunneigarane sjølve.

Vedleggsliste:

Kart som syner den om lag 2,45km lange vegen frå Ullaland og til bom i Aldalen.

Samandrag av saka:

Eigarskapen av vegen over Aldalen (tidlegare fylkesveg 43) vart i 2016, overført frå Statens Vegvesen til Volda og Ørsta kommunar. Dette etter at ny E39 vart bygd ferdig. Eigartilhøva følgjer kommunegrensa. Vegen er i dag asfaltert. Den vert mykje nytta sommarstida som transportveg for lokale innbyggjarar til/frå arbeid, som tilkomst til tur/friluftsområder, som kortaste veg til Ørsta og for grunneigarar og eigarar av fritidsbustader i Aldalen. I tillegg har det blitt bygd skytebane i Aldalen, som også har nytte av vegen.

Slik Teknisk oppfatar saka, har Ørsta kommune gjort vedtak om vinterstenging på si side. Vegen har og vore mykje nytta vinterstida, men rasfare og utfordrande brøyting har til tider redusert bruken noko.

Etter at ny E39 vart bygd, har behovet for vegen blitt monaleg redusert. Det har vore lite eller ingen utbetringar i høve rasfare. Slik Teknisk vurderer saka i dag, er behovet for vegen på vinteren størst for grunneigarar og eigarar av fritidsbustader.

Saksopplysningar/fakta:

Vegen ligg i noko av det mest snørike området i Volda kommune. Brøyting vil difor kunne verte dyrt. Frå Ullaland og til bom i Aldalen er vegen om lag 2,45km lang. Fast beredskap på kr 17.500,- (eks.mva.) i tillegg til mange brøytingar grunna mykje snø, vil gje ein del kostnader for kommunen.

Å estimere dette er svært vanskeleg då sesongane varierer mykje, men ein kostnad på mellom 60 og 100.000,- (eks.mva.) er rimeleg å anta.

Det vil vere utfordrande for kommunen å stå for brøyting av vegen med eigne mannskap. Det vil difor vere naudsynt å nytte innleigd brøyting, slik det er på roda som høyrer til Hjartåbygda og Årset.

Det er ingen registrerte fastbuande i Aldalen. Volda kommune har som prisnipp å avgreinse brøyting til der det bur folk, fast. Unntaket er der det er større sport/friluftsanlegg, slik som Volda stadion og Reset skisenter.

Dersom ein vedtek brøyting til Aldalen, vil dette truleg fort gje føringar for brøyting andre stadar der det er kommunal veg og fritidsbustader. Døme er «Brekkeheida» (frå Bjørkedalen mot grensa til Eid kommune) og vegen ned til Skjæret, like innanfor Ullaland.

Årsaka til at ein ikkje stengjer ved kommunegrensa, er at der er det ikkje snuplass.

Helse og miljøkonsekvensar:

Lite eller ingen.

Økonomiske konsekvensar:

Brøyting gjennom vinteren vil gje ein meir kostnad på mellom 60 og 100.000,- (eks.mva.)

Beredskapsmessige konsekvensar:

Lite konsekvensar. Litt positivt med stengt veg i høve fare for ras.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommune stenger vegen til Aldalen ved starten for normale vintertilhøve og opnar vegen til påske året etter. Opninga vert anten til bom i Aldalen eller heile vegen over, dersom værtilhøva tilseier det og Ørsta kommune gjer same vedtak. Dersom grunneigarar ønskjer at vegen skal brøytast, må kostnader til dette dekkjast av grunneigarane sjølve.

teknisk sjef Rune Totland

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

Volda kommune



*Vegea frå Ullaland og til bom i Aldalen - omlag 2,3 km lang.
Markert med gul tusj.*

*30/11 - 2017
Edvin Høllø*